

Klipp hekken før den kommunale kantklipparen kjem.

31.08.2020



Klipp hekken slik du vil ha den før den kommunale kantklipparen kjem.

**Det er varsla kommunal kantslått frå denne veka. Det gjeld kantslått og rydding av vegetasjon i byggefelt og langs kommunale vegar. Arbeidet vert utført maskinelt med litt grovt utstyr. Difor vert alle oppmoda om å klippa egne hekkar og buskar som hindrar sikt og framkomst.**

Arbeidet på privat grunn bør vera gjort innan veke 37. Om ikkje vil kommunen nytta maskinelt utstyr til rydding og klipping. I kunngjeringa er det presisert at dette gjeld klipping av buskar, hekkar, tre som veks ut i vegbanen og på fortau, og som hindrar sikten.

I avkøyrsløse skal hekkar ( siktlinja ) ikkje vera høgare enn 50 cm over vegbanen. Meir informasjon finn du på kommunen sine heimesider.

Uskedalen.no har alt merka seg at nokre grunneigarar tek dette varselet på alvor. Areidet med rydding og klipping er i full gang.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal